



Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2022/2023

10. mars 2023

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Prognosar er grunnlaget for dette.

Tilgangsprognose for norsk korn

Felleskjøpet Agri marknadsregulator sin prognose pr. mars for tilgang av norsk korn er basert på analyse av leveransar så langt i inneverande sesong mot historisk tilgang:

	Gjennomsnitt 2017-21	Tilgang 2021	Prognose 2022	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	170 100	186 000	270 000	159 %	145 %
Fôrkveite	129 800	62 800	110 000	85 %	175 %
Kveite i alt	299 900	248 800	380 000	127 %	153 %
Matrug	12 100	16 200	24 000	198 %	148 %
Fôrrug/rugkveite	23 900	22 000	36 000	151 %	164 %
Rug/rugkveite i alt	36 000	38 200	60 000	167 %	157 %
Bygg	536 900	577 700	605 000	113 %	105 %
Havre	237 000	253 900	300 000	127 %	118 %
Korn totalt	1 109 800	1 118 700	1 345 000	121 %	120 %
Erter	3 600	3 300	10 000	278 %	303 %
Oljefrø, åkerbønner	12 200	12 500	23 000	189 %	184 %
Korn, erter, oljefrø	1 125 600	1 134 500	1 378 000	122 %	121 %
Matandel kveite	57 %	75 %	71 %		
Matandel rug/rugkveite	34 %	42 %	40 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er 20 000 tonn høgare enn prognosert i november. Auken er størst for bygg og havre. Prognosen for fôrkveite er justert litt ned.

Kveiten har høgt proteininnhald:

	Protein% kveite	Protein% matkveite	Protein% fôrkveite
Klasse 1	14,0 %	14,0 %	13,5 %
Klasse 2	13,7 %	13,7 %	13,0 %
Klasse 3	13,5 %	13,6 %	12,3 %
Klasse 4	12,8 %	13,0 %	11,3 %
Snitt	13,4 %	13,5 %	12,0 %

Prognose for foredling av matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn nedanfor er basert på forbruksstatistikk til og med januar 2023. I prognosen er trendutviklinga i dei fem siste sesongane lagt til grunn:

Matkornforedling pr sesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021	274 214	20 609	2 795	38 138	335 756
2021/2022	273 962	17 416	2 670	37 826	331 874
Prognose 22/23	267 800	17 300	3 000	39 300	327 400
Endring	-2,2 %	-0,7 %	12,4 %	3,9 %	-1,3 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

I motsetning til novemberprognosen, tilseier utviklinga ein fortsatt nedgang i foredlinga av korn ved norske matmjølmøller.

Akkumulert norskandel i kveite så langt i sesongen er 78 %, men har vore i gjennomsnitt 82 % sidan november. Med bakgrunn i dette, blir andelen sett til 80 % for sesongen. Importtal for havre er estimert behov for økologisk vare, som er sett til kvantum for 2022.

Frå ulike hald har marknadsregulator motteke signal om at eit så høgt nivå av forbruk av norsk matkveite, har gitt svært tunge reklamasjonskrav knytta til den høge proteinandelen og den høge andelen matkveite med sterk gluten. Dersom andelen norsk korn blir som gjennomsnittet for sesongen, 78 %, gir det ein auke i importbehov på 4 000 tonn.

Det er i sesongen omdisponert 20 000 tonn matkveite klasse 4 i september og 18 000 tonn klasse 1 og 2 i desember. Prognosen tek vidare utgangspunkt i at overlaginga ikkje skal overstige 40 000 tonn. I så fall kan det vere nødvendig å omdisponere 10 000 tonn vårkveite ut over det som allereie er bestemt. Dette vil det bli teke stilling til etter innmeldingar om balanse frå bransjen og prognosen i

mai. Dersom forbruket av matkveite blir som gjennomsnittet for sesongen, aukar behovet for nedskriving til fôr med 4 000 tonn.

Tabellen under viser fordelinga av tilgjengeleg matkveite fordelt på sterkaste og svakare glutenkvalitetar, med førebels estimat for overskott:

Fordeling av tilgang av matkveite (tonn)

	Matkveite hausta 2022		Over frå 2021/22	Tilgang	Omdisponere	Overlagre	Prognosert forbruk	Andel av forbruk
Klasse 1-3	171 000	64 %	36 000	207 000	-27 000	-40 000	140 000	65 %
Klasse 4	96 000	36 %		96 000	-21 000	0	75 000	35 %
I alt	267 000	100 %	36 000	303 000	-48 000	-40 000	215 000	100 %

Fordelinga er justert for bruk av 3 000 tonn matkveite til fôr.

Dette gir følgjande balanse for matkorn

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	267 800	17 300	3 000	39 300	327 400
Norsk matkorn	-215 000	-17 300	-3 000	-38 000	-273 300
Suppleringsbehov matkorn	52 800	0	0	1 300	54 100
Andel norsk	80 %	100 %	100 %	97 %	83 %

Prognosen tilseier ein underbalanse for norsk matrug. I desember vart det avtalt omdisponering av 8 000 tonn. For å unngå unødig regulering og unødig import har marknadsregulator inngått avtale om å redusere omfanget av denne avtalen.

Tabellen under gir oversikt over bruken av tilgjengeleg norsk korn til ulike formål:

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Matkveite	Matrug	Fôr-kveite	Fôrrug, rug-kveite	Bygg	Havre	Erter	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	36 000	0	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	270 000	24 000	110 000	36 000	605 000	300 000	10 000	1 061 000
Matkorn til fôr/bygg, havre til mat	-3 000	0	3 000		-3 000	-38 000		-38 000
-Overlagring til ny sesong	-40 000		0	0	0	0		0
-Omdisponering	-48 000	-7 000	48 000	7 000				55 000
Tilgang etter regulering	215 000	17 000	161 000	43 000	602 000	262 000	10 000	1 078 000

Tilgangen av bygg skaper utfordringar for kraftfôrindustrien. Dette har samanheng med nedgang i forbruk av drøvtyggarfôr og auken i forbruk av fjørfefôr.

Prognose for produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 4. kvartal i 2022. Vidare er produksjons- og salsprognosar for husdyrprodukt brukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt.

Tabellen under viser produsert og prognosert kvantum av ulike landbruksvarer:

Produksjon av råvarer i norsk landbruk (tonn)

	Mjølke	Egg	Kjøtt i alt	Svinekjøtt	Storfe kjøtt	Fjorfekjøtt
2021	1 526 000	65 000	328 000	134 000	87 000	106 000
2022	1 448 000	65 000	331 000	133 000	92 000	107 000
2023*	1 379 000	66 000	329 000	130 000	88 000	111 000

Forventa omsetning av kraftfôr frå og med 4. kvartal i fjor og til og med 3. kvartal i år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	2 002 929
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 032 386	463 321	478 921	14 638	1 989 266
4K20 - 3K21	1 046 164	469 909	501 957	13 742	2 031 772
4K21 - 3K22	1 009 100	465 400	508 700	13 560	1 996 760
Prognose 22-23	965 000	452 000	517 000	12 000	1 946 000
Endring	-4,4 %	-2,9 %	1,6 %	-11,5 %	-2,5 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Behovet for karbohydratråvarer blir prognosert med utgangspunkt i prognosert omsetning av kraftfôr. I prognosen er lagt til grunn 73,4 % karbohydrat i kraftfôret basert på oppdatert statistikk pr. 4. kvartal i fjor og normal utvikling frå eit kvartal til neste i resten av sesongen.

Dette gir følgjande balanse for karbohydratråvarer til kraftfôr i norsk kraftfôrindustri:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)	
Kraftfôrsal	1 946 000
Andel karbohydratråvare	73,4 %
Behov karbohydratråvarer	1 428 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller	57 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr	1 371 000
Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)	
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)	1 374 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	1 138 000
Prognosert tilgang av norsk korn til fôr i sesongen	1 078 000
- Prognosert forbruk av norsk korn til fôr etter svinn **)	-1 067 000
Importbehov for karbohydratråvare	307 000

*) Lagt til for importert karbo ikkje brukt i kraftfôr: 3 000 tonn **) Svinn 1,0 %

Prognosert importkvote for karbohydratråvare er med denne prognosen 70 000 tonn større enn føresett minimumsbehov, og 27 000 mindre enn robust nivå som omtalt i rapporten «Rom for bruk av norsk korn» frå 2017.

Tabellen under viser vurderinga av minimums importbehov for inneverande sesong.

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
Kraftfôromsetning	1 971 781		1 946 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	74 000	89 000
Behov for mais	50 000	70 000	49 000	69 000
Behov for melasse	60 000	60 000	59 000	59 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	197 000	247 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	49 000	69 000
Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer	435 000	555 000	443 000	548 000
Norsk kveite til fôr inneverande sesong			-161 000	-161 000
Norsk kli inneverande sesong			-49 000	-57 000
Suppleringsimport karbohydratråvare			233 000	330 000
Behov dekt av bilaterale kvoter - mais og melasse			-25 000	-25 000
Importbehov fiber dekt av MUL-import			0	0
Importbehov melasse dekt av MUL-import			-12 200	-12 200
Korreksjon for svinn			11 000	11 000
Minimumskvoter til auksjon			207 000	304 000

Oljefrø

I auksjonane i august og november vart det lagt ut kvoter for import av 4 000 tonn oljefrø til administrert toll. Interesse for bruk av oljefrø har auka, men så langt ser det ut som tildelte kvotar er tilstrekkelege:

Importbehov oljefrø 2022/2023 (tonn)	
Forbruk til kraftfôr	11 000
- Tilgang norsk oljefrø	-8 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov oljefrø	4 000

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Kveite i alt	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21	225 499	83 046	308 545	7 627	25 750	33 377
2021/22	186 049	62 769	248 818	16 233	22 003	38 236
16. august	234 000	115 000	349 000	14 000	32 000	47 000
13. september	256 000	110 000	366 000	24 000	27 000	51 000
16. november	262 000	122 000	384 000	25 000	34 000	59 000
Prognose	270 000	110 000	380 000	24 000	36 000	60 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21	611 875	296 559	1 250 356	3 819	15 323	23 001
2021/22	577 744	253 914	1 118 712	3 271	12 537	20 018
16. august	571 000	252 000	1 219 000	7 000	19 000	-
13. september	586 000	268 000	1 271 000	7 000	21 000	-
16. november	591 000	291 000	1 325 000	10 000	23 000	32 000
Prognose	605 000	300 000	1 345 000	10 000	23 000	34 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Blir rekna som fôrrug i statistikk og prognose